

SOGNDAL I FRAMTIDA - hjarta i Sogn

På lag med innbyggjarane og framtida – ein kommune i vekst og utvikling



VERDIGRUNNLAG

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Me vil ha eit samfunn med frie sjølvstendige menneske, som med tru på eigne evner tek ansvar for sitt liv, for fellesskapet, natur og miljø.

Senterpartiet vil ha eit levande folkestyre og gode lokalsamfunn for å gi folk tryggleik, tilhøyre og identitet. Senterpartiet vil ha eit samfunn med små sosiale, geografiske og økonomiske ulikskapar. Senterpartiet vil ha utjamning av ressursar og levekår mellom samfunnsgrupper, mellom landsdelar og mellom rike og fattige land.

VISJON FOR SOGNDAL KOMMUNE

Sogndal Senterparti trur på ein desentralisert struktur, med stor grad av sjølvstende i lokalsamfunna i storkommunen, for å oppnå eit levande folkestyre, og ta vare på og utvikla kvalitetane i heile storkommunen.

Sogndal kommune skal vera eit inkluderande samfunn der det er trygt og godt å bu og leva. Me vil sikre livskvalitet for alle innbyggjarane der lokalsamfunna gjev rom for ein meningsfull kvardag. Me vil arbeida for vidare folkevekst og ta godt imot nye innbyggjarar.

Senterpartiet vil ta eit særskilt ansvar for dei svakaste i samfunnet, og sikre borna våre ein god oppvekst. Kommunen har òg ei viktig rolle som vertskommune for elevar og studentar som skal trivast i kommunen vår.

FN sine berekraftsmål, klima og miljø, i tett samarbeid med fagmiljø på dette feltet, må stå sentralt i vidareutviklinga av kommunen. Senterpartiet tek klimaendringane på alvor, og vil arbeide for å gjere dei lokale, regionale og nasjonale truslane til moglegheiter for Sogndal og Sogn.

Senterpartiet vil at Sogndal kommune skal vera motor for regional utvikling i Sogn.

Målsetjinga er at Sogn samla skal bli ein endå sterkare bu- og arbeidsregion i nye Vestland. Me vil søkja eit godt samarbeid med andre kommunar og regionar slik at me kan bidra til vekst og utvikling i eigen kommune og hjå våre naboar.

Sogndal må vidareutviklast som regionsenter. Me vil byggja vidare på sterke kompetansmiljø og styrkja Leikanger og Sogndal si rolle som vertskap for regionale og statlege arbeidsplassar.





Senterpartiet meiner at kommunen skal ha ei klår og tydeleg politisk leiing med ein god og open politisk kultur. Me meiner at politikarane i kommunestyret har eit særskilt ansvar for å snakka positivt om kvarandre, dei tilsette og innbyggjarane i kommunen.

Kommunen skal levere gode tenester, og drivast på ein forsvarleg økonomisk måte som gjev handlingsrom og ressursar frigjort til utviklingsarbeid.

BU- OG ARBEIDSMRÅDE

Senterpartiet ynskjer at kommunen og regionen skal vera blant dei mest attraktive i landet å busetja seg i. Me må difor vera ein tydeleg medspelar og tilretteleggjar for at kommunen og regionen framleis har eit blomstrande arbeidsliv, med relevant og gjevande arbeid også for dei tidene som kjem. Sogndal kommune skal saman med Sogn Regionråd arbeide for eit utvida samarbeid i regionen, og ei tydeleg satsing mot regionale og statlege myndigheiter for å få avtalar kring vidare samfunns- og næringsutvikling.



Me vil

- sikra eit tenestetilbod som gjev grunnlag for busetnad i alle delar av kommunen
- leggja til rette for bustadtomter i heile kommunen, som så langt som råd ikkje legg beslag på drivverdig matjord.
- ha tilgjengeleg rimelege husvære med sosial profil, og tilby ordningar med «frå leige til eige».
- ha ein bustadpolitikk med fokus på fortetting, varierte bu-former og bustader med mindre fotavtrykk
- regulera og byggja infrastruktur for nytt bustadfelt i Henjabakkane
- legge til rette for større sambruk av offentlege bygg og uteområde
- utvikle «Saften» på Leikanger til den sentrale og gode møteplassen for Leikanger
- busetja flyktningar i heile kommunen, og leggja til rette for god integrering ved m.a. å tilby praksisplassar og mentorordning
- gjennom tillitsreforma vera ein god arbeidsgjevar og leggja til rette for at dei tilsette kan utøva gode tenester
- tilby gode ordningar for støtte til etter- og vidareutdanning for eigne tilsette
- saman med regionen søkje om å få bygdevekstavgift
- ha som prinsipp at bustadar brukt som hytter ikkje vert omdisponerte til fritidsbustadforemål



BORN OG UNGE, OPPVEKST OG OPPLÆRING

Senterpartiet vil arbeide for å skape trygge og gode oppvekstvilkår for born og unge i eige nærmiljø, og sikra at dei får gode relasjonar til sin heim plass. Tillit og samarbeid mellom heimen og tenestene som møter born og unge, og betre tverrfagleg innsats mellom tenestene (BTI) er viktig for å oppnå dette.

Me vil

- oppretthalde dagens skulestruktur og krsinndeling
- sikra at reisetida til skulen for dei yngste elevane vert så kort som råd og ikkje over 45 minutt
- sikra gode og veldrivne barnehagar og skulefritidsordningar
- halda fram det gode arbeidet som vert gjort på skulane i dag, og styrkja satsinga på lærartettleik og fysisk aktivitet
- at kommunen skal ha eit godt og forsvarleg symjetilbod i heile kommunen, med mellom anna opplæringsbasseng på Leikanger
- tilby læreplassar og sommarjobbar til ungdom i heile kommunen
- halda fram det gode samarbeidet med dei vidaregåande skulane, Folkehøgskulen og med Høgskulen på Vestlandet
- arbeide for gode og attraktive opplærings- og studietilbod ved Sogndal VGS og HVL
- styrke arbeidet kring sårbare born og unge, med tidleg innsats og rett hjelp
- realisere skule, basis- og fleirbrukshall på Trudvang
- byggje ny barnehage på Kaupanger
- etablere fleirbrukshall og oppgradere skulen på Kaupanger
- behalde skulane på Leikanger og rehabilitere skulebygga
- styrkje arbeidet med ungdomsklubbar og allsidig aktivitetstilbod til ungdom
- støtte oppretting av leirskuletilbod i Hodlekve



HELSE OG OMSORG

Senterpartiet vil oppretthalde eit desentralisert helsetilbod som gjev gode tenester til alle innbyggjarar i ulike livsfasar. Me er oppteken av å trygge innbyggjarane, brukarar og medarbeidarar i arbeidet med helse- og omsorgstenestene i kommunen.

Me vil

- sikra dagens struktur på lege-, helsestasjon-, helse- og omsorgssenter
- leggja til rette for at ein kan bu i eigna eigen heim lengst mogleg, med tilbod om kartlegging av bustader for alle over 70 år
- ha eit tenleg akutt-tilbod for alle innbyggjarar i kommunen og arbeida for gode ambulansetenester som sikrar akseptabel responstid
- sikra gode helsetenester for elevar og studentar med satsing på helsestasjon for ungdom
- at born, unge og eldre med rett til tannlegebehandling skal få nytta det private tilbod der offentleg tannhelseteneste ikkje er tilgjengeleg
- arbeide aktivt mot utanforskap gjennom til dømes å etablere fleire uformelle møteplassar
- gje rett type og mengde tenester innan helse og omsorg for på best mogleg måte legge til rette for ein trygg og god alderdom.
- gje brukarar ei god kartlegging for å kunne gje tenester etter behov
- auke den faglærde grunnbemanninga i helse og omsorg

FRITID, KULTUR, KYRKJE OG LIVSSYN

Senterpartiet ynskjer å støtta godt opp om det rike organisasjonslivet og frivilligheita som gjer ein stor innsats, og vidareutvikle breidda i kulturtilbodet i kommunen. Sogndal kommune har fantastiske friluftsområde, og me ynskjer å leggja til rette for bruk i godt samarbeid med grunneigarane og brukarane.

Me vil vidareutvikle og leve ut rolla som ein kommune som bryr seg om demokrati, medborgarskap og at alle innbyggjarane, uansett bustad, alder eller bakgrunn, skal ha tilgang på kultur, fritidsaktivitetar og kvardagsopplevingar som gjev gode liv.



Me vil

- ha desentraliserte tilbod med rikt organisasjonsliv i heile kommunen
- skapa treffpunkt og vera ein støttespelar for drift av samfunnshus, grendahus og ungdomsklubbar i kommunen
- støtta opp om og sikra eit breitt og desentralisert kulturskuletilbod og satsa på korps og skulemusikk.
- støtte aktørar innan utøvande kunst og kultur
- legge til rette for eit breitt og allsidig idretts- og kulturtilbod gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- arbeide for auka løyvingar til nærmiljøtiltak
- støtte «Dans utan grenser», og legge til rette for deira aktivitet
- vidareutvikle Sogndal kulturhus som eit framtidretta kulturhus i regionen.
- realisera fleirbrukshall og basishall i Sogndal
- vidareutvikle ski- og friluftsdestinasjonen for større heilårsaktivitet
- syte for berekraftig utvikling i Hodlekve
- utarbeida ein eigen kulturminneplan for å sikra at kulturminna vert kartlagde, tekne vare på og gjort tilgjengeleg
- sikra eit godt vedlikehald av kyrkjebygga i kommunen og ha tenlege gravlundar som dekkjer behova i sokna
- ha ny kyrkjestove på Kaupanger
- leggje til rette for tenlege og verdige seremonilokale for seremoniar som namnedag, konfirmasjon, vigsel og gravferd for alle livssyn
- halda oppe og vidareutvikle frivilligsentralane
- Halde fram arbeidet med å få på plass eit regulert, avgrensa treningsområde for snøscooter.



LANDBRUK OG MATPRODUKSJON

Senterpartiet ynskjer ei offensiv satsing på landbruk, både innan frukt, bær, husdyrhold og skog. Jordvern, landbruk og matproduksjon er viktig beredskap.

Me vil

- starte eit eige landbruksprosjekt med fokus på auka lokal matproduksjon og foredling, samt auke ressursane på tenesteeininga





- leggja til rette for ulike produksjonsformer gjennom kommunale tilskotsordningar
 - ta vare på gode område for landbruk og sikra vern av matjord
 - sikre ein eigen matambassadør i Sogn og vidareutvikle samarbeidet kring mat og drikke i regionen
- leggja til rette for eit berekraftig landbruk der ein utnyttar ressursane og ivaretek kulturlandskapet
 - vidareføre samarbeidsprosjektet «Skog i Sogn»
 - ha ei tydelegare handheving av bu- og driveplikta
 - støtta opp om næringsmiddelindustrien i kommunen

NÆRINGSUTVIKLING

Senterpartiet vil vidareutvikle eit breitt samansett næringsliv i den nye kommunen. Me vil leggja til rette for gründerar, ny-etablering av ulike verksemdar, og knoppskyting/vidareutvikling av eksisterande næringsliv. Sogndal kommune skal være den fremste kommunen i landet på samfunns- og næringsutvikling.

Senterpartiet vil utvikle Sogndals rolle som regionsenter. Me vil vidareutvikle dei offentlege/statlege arbeidsplassane og kompetansmiljøa i kommunen.

Eit aktivt landbruk og reiseliv heng nøye saman og er noko av det som skal gjera Sogndal til eit attraktivt reisemål også i framtida. Sogndal skal halda fram utviklinga innan heilårs reise- og friluftsliv på ein berekraftig måte, og leggja til rette for fjellsport, bruk av fjorden og aktivitetsbasert reiseliv.



Me vil

- ha tilgjengelege næringsareal i heile kommunen for mindre/mellomstore bedrifter, i tillegg til større arealkrevjande verksemdar
- legge til rette for satsing på grøn industri
- utnytta matproduksjon og merkevarebygging innan reiseliv og næringsutvikling.
- sikra vidare utvikling av forskingsmiljøet innan frukt og bær
- vidareutvikle Campus Sogndal innan kunnskapsbasert teneste-

produksjon og sikra gode tenester for rettleiing til næringslivet og samarbeid på tvers av verkemiddelapparatet

- støtta planane om etablering av fjordsenteret «Fjordviten» i Fjærland
- halda fram utviklinga innan heilårs reise- og friluftsliv på ein berekraftig måte
- arbeida for å binda saman sterke reiselivstradisjonar sommarstid i Balestrand og Fjærland med vinterdestinasjonen Sogndal
- leggja til rette for aktivitetsbasert reiseliv, fjellsport og bruk av fjorden



MILJØ, KLIMA OG BEREKRAFT

Senterpartiet vil at kommunen skal auke satsinga på sirkulærøkonomi, klimatilpassing og aktivt miljømedvit. Me må førebyggje og informere godt kring ureining, og ha ein medviten bruk av ressursane våre. Senterpartiet ynskjer auka fokus på berekraft gjennom reduksjon i forbruk, og me må legge til rette for meir ombruk.

Me vil

- gjennom klok og god forvaltning ta vare på det biologiske mangfaldet
- støtte bedrifter som aktivt arbeider med ombruk og sirkulærøkonomi
- arbeide aktivt med å kartlegge og rydde opp i forureining
- støtte opp om bruk av fjordvarme og andre klimavenlege energiløysingar for å redusere energibruk i bygg
- auke fokus på vedlikehald av kommunale bygg
- vurdere gjenbruk av kommunale bygg framfor riving og nybygg
- utarbeide berekraftprofilar for kommunale aktivitetar og prosjekt

SAMFERDSLE OG INFRASTRUKTUR

Senterpartiet vil arbeida for å knyta kommunen tettare saman, slik at innbyggjarane kan delta på kvarandre sine arenaer, få god kvar dagslogistikk for fritid og arbeid, og sikra at alle kjem seg effektivt og trygt fram dit dei skal.





Me vil

- realisera målsetjingane i KTP, og auka tildeling til vedlikehald og opprusting av kommunale vegar
- arbeida for hyppigare ferjeavgangar i trekantsambandet Dragsvik -Hella-Vangsnes inkl. nattferje
- arbeide for å få endre kriseruta i Balestrandsektoren slik at skulebussen til/frå Fjordane kan køyre som normalt
- arbeide for realiseringa av bru over Esefjorden
- arbeida for vidare utbetring av Rv13 Hella – Leikanger
- betra tilhøva for gåande og syklende, og arbeida for samanhengande sykkelveg Kaupanger – Leikanger og Årøy – Sogndal
- arbeide for ei framtidsretta løysing for trafikken gjennom Sogndal sentrum
- arbeida vidare for å realisera tunnel på Rv 5 Loftesnes – Kaupanger
- arbeide for bru Mannheller – Fodnes gjennom ei statleg ordning for ferjeavløysing
- arbeida for trygge vegar gjennom rassikring og andre trafikktryggingstiltak, samt sikre årlege midlar til tiltak i samsvar med vedteken trafikktryggingssplan
- arbeida for betre mobilitet og kollektivtilbod mellom dei tidlegare kommunesentera, med god og tilrettelagt parkering for pendlarar
- styrkja tilbodet om serviceskyss for eldre og ordningar for trygg transport for ungdom
- vidareutvikla Sogndal lufthamn med betre rutetilbod, lenge rullebane, flyhangar med nattstasjonert fly, tilrettelegging for elfly og betra vegtilkomst
- arbeide for utviding og forbetring av ladetilbodet i kommunen
- sikre god tilkomst for gåande og syklende i og mellom bustadområde



Senterpartiet
Sogndal



1. KANDIDAT
Arnstein Menes



2. KANDIDAT
Malén Røysum



3. KANDIDAT
May Kristel Bødal



4. KANDIDAT
Lisa Horpen



5. KANDIDAT
Tore Feten



6. KANDIDAT
Arne Monrad Johnsen



7. KANDIDAT
Helga Timberlid Hundere



8. KANDIDAT
Magne Bruland Selseng



9. KANDIDAT
Laila Njøs Eikeland



10. KANDIDAT
Gunnar Supphellen



11. KANDIDAT
Espen Sæterbø



12. KANDIDAT
Adelheid Kristiansen
Breidvik



13. KANDIDAT
Atle Johannes Dale



14. KANDIDAT
Olaug Marie Bjelde



15. KANDIDAT
Anders Skarestad

Sogndal Senterparti

Kommunevallista 2023

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår
1	Arnstein Menes	1976
2	Malén Røysum	1968
3	May Kristel Bødal	1975
4	Lisa Horpen	2001
5	Tore Feten	1970
6	Arne Monrad Johnsen	1957
7	Helga Timberlid Hundere	1989
8	Magne Bruland Selseng	1973
9	Laila Njøs Eikeland	1963
10	Gunnar Supphellen	1995
11	Espen Sæterbø	1983
12	Adelheid Kristiansen Breidvik	2000
13	Atle Johannes Dale	1961
14	Olaug Marie Bjelde	1962
15	Anders Skarestad	1954
16	Anders Roseth Dale	1986
17	Catrine Elvagjeng	1986
18	Nils Olav Nygard	1980
19	Tone Elen Midttun	1983
20	Olav Horpedal	1959
21	Vivian Hilleren	1980
22	Kjell Magne Brekken	1978
23	Oda Løken Sunde	1993
24	Anton Østvang Lee	1995
25	Siv Anita Hundershagen	1974
26	Eivind Stevling Torstad	1992
27	Anne-Britt Halset	1978
28	Turid Cecilie Oppedal	1977
29	Laura Kvamme	1961
30	Sindre Børsheim Ramung	1982
31	Bente Sønsthagen	1984
32	Endre Gjerde	1944